



Hardangerrådet iks



Hardanger

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

**Dato: Fredag 16.1.2026
Klokka 09.00 - 15.00**

Stad: Heradstyresalen, Ulvik herad.

Saker til handsaming:

HR-sak 1/26	Innkalling og sakliste
HR-sak 2/26	Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte den 5.12.2025
HR-sak 3/26	Meldingar
HR-sak 4/26	Orienteringssaker
HR-sak 5/26	Nytt frå kommunane
HR-sak 6/26	Forankrig og finansiering av felles prosjekt
HR-sak 7/26	Interkommunalt samarbeid IKS / IPR
HR-sak 8/26	Kjøp og tenester frå andre kommunar
HR-sak 9/26	Ikkje disponerte restmidlar
HR-sak 10/26	Saker som kjem til.

**Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

**Kinsarvik
08.01.2026**

**Jens Olav Holven
Rådsordførar**

**Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar**



MØTEBOK Hardangerrådet

Dato: Fredag 05.12.2025
Klokka: 09.00 - 14.30
Stad: Formannskapssalen i Odda

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch - rådsordfører
Eidfjord kommune:	Rådmann Magnus Steigedal - leiar rådmannsforum
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Ullensvang herad:	Rådmann Ole-Jørgen Jondahl
Ulvik herad:	Ordfører Jens Olav Holven
Ulvik herad:	Kommunedirektør Thore Hopperstad
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim
	Konsulent Trude L. Rinaldo

Forfall:

Kvam herad: Rådmann Anita Hesthamar

Agenda:

09:00 - 13:00	Hardangerrådet sakshandsaming
13:00 - 14:00	Lunsj
14:00 - 14:30	Takke av Eidfjord Rådsordfører og leiar Rådmannsforum

Saker til handsaming:

HR-sak 42/25 & RF-sak 33/25

Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga godkjent slik den ligg føre.

HR-sak 43/25 & RF-sak 34/25

Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte den 24/10 og Rådmannsforum den 11.09.2025

Vedtak:

Møtebøkene godkjende slik dei ligg føre.

HR-sak 44/25 & RF-sak 35/25

Meldingar

Vedtak:

Råda tek meldingar til vitande

- Evaluering Hardangerkonferansen 2025
- Fjordtinget i Øystese 17. juni 2026
- Fjernarbeid og Staten
- Vest i Øst med Fv Rv 13, Ryfylkerådet og evt andre.
- Ann Irene: Interkommunalt samarbeid - ettersendt 08.12.2025



HR-sak 45/25 & RF-sak 36/25

Orienteringssaker

Vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande

1. Orientering om Turistbåtruta.
2. VLFK, [Hovudutval for Næring](#) den 18.11.2025
3. VLFK, [Hovudutval for mobilitet og samferdsel](#) den 18.11.2025
4. VLFK, [Hovudutvalet for opplæring og kompetanse](#) den 19.11.2025
5. VLFK, Fylkesutvalet den 25. - 26.11.2025
6. Søknad til Omstillingsprosjektet for reiselivet i Eidfjord og Ulvik.

HR-sak 46/25 & RF-sak 37/25 Søknad Hardanger Open

Vedtak:

Hardangerrådet iks løyver kr 25.000 frå restmidlar til Hardanger Open 2026.

Hardangerrådet iks ønskjer Hardanger Open 2026 lykke til med arrangementet.

HR-sak 47/25 & RF-sak 38/25 Pilegrimssenter i Røldal jfr. vedtak frå 2013

Vedtak:

Hardangerrådet IKS viser til vedtak HR-sak 41/13 av 10.10.2013 og dei opphavlege rammene som der vart fastsette.

1. Hardangerrådet IKS vedtek at tilskotsmidlane ikkje vert utbetalte før prosjektet er fullt finansiert og skal realiserast, i samsvar med vilkåra i det opphavlege vedtaket.
2. Etter at Odda kommune ikkje lenger eksisterer som eigen kommune, tilrår Hardangerrådet at tilskotsmidlane kan utbetalast til Ullensvang kommune når prosjektet oppfyller dei fastsette vilkåra for utbetaling.
3. Prosjektet skal vere realisert innan 5 år frå vedtaksdato. Dersom prosjektet ikkje vert gjennomført innan denne fristen, fell tilskotsmidlane automatisk tilbake til fondet.

HR-sak 48/25 & RF-sak 39/25 Dato og tema for fellesmøte med Sunnhordlandsrådet

Vedtak:

Hardangerrådet flyttar fellesmøte med Sunnhordlandsrådet til Eidfjord den 10.04.25.

Lagar miniseminar om ungdom, inkludering, folkehelse og antidopingarbeid.



Hardangerrådet iks



HR-sak 49/25 & RF-sak 40/25 Val av ny rådsordfører og leiar av rådmannsforum

Saka vart flytta som siste post i sakskartet

Vedtak:

Til Rådsordfører for 2026-2027 vert vald: Jens Olav Holven, Ulvik herad

Til Rådsvaraordfører for 2026-2027 vert vald: Torgeir Næss, Kvam herad

HR-sak 50/25 & RF-sak 41/25 Diskusjonssak - Regional reiselivsutvikling

Vedtak:

Saka vert teke til vitande

HR-sak 51/25 & RF-sak 42/25 Diskusjonssak - Innspel til Statsforvaltar

Vedtak:

Hardangerrådet IKS vedtek å invitera Statsforvaltaren i Vestland til Hardingtinget 2026
Statsforvaltaren vert òg invitert til samlinga kvelden før, med mål om å leggja til rette for ein fagleg og god dialog med ordførarane og rådmenna i Hardanger-kommunane.

HR-sak 52/25 & RF-sak 43/25 Uttale grunnrenteskatten og naturressursskatten for vannkraft

Vedtak:

Hardangerrådet iks sender uttale til Finansdepartementet i tråd med LVK sin uttale

HR-sak 53/25 & RF-sak 44/25 Saker som kjem til.

Vedtak:

Dagleg leiar i Hardangerrådet iks får mandat til å sitte i styringsgruppe Kraftturismeprojektet" på vegne av Hardangerkommunane Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Kvam.

Møteboka godkjent 09.12.2025

Timo Knoch
Rådsordfører

Magnus Steigeland
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar/referent



Hardanger

Møtedato 16.01.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 3/26 Meldingar

Saker:

- Vest i Øst med
- Vestlandsmøtet 2026

Framlegg til vedtak:

Rådet tek meldingar til vitande



Møtedato 16.01.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 4/26 Orienteringssaker

Saker til orientering:

1. Hardingtinget 2026

Saker innkome etter frist for utsending av styredokument

2. Kraffturisme prosjektet
3. Fiskeriturisme - Opprop mot ikraftreding 01.01.2026
4. Arendalsuka 2026 - Invitasjon frå Fjordvegen Rv. 13

Framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande



Møtedato 16.01.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 05/26

Nytt frå kvar kommune

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Saksopplysningar:

Saka er sett opp som ei fast orienteringssak med føremål å sikre jamleg og strukturert informasjonsutveksling mellom kommunane i Hardangerrådet.

Kvar kommune gjev ei kort orientering om viktige saker, prosessar og hendingar av overordna og strategisk betydning, til dømes innan:

- politiske vedtak og prioriteringar
- større utviklings- og investeringsprosjekt
- organisasjonsendringar eller særlege utfordringar
- saker som kan ha regional betydning eller krev samordning

Runden rundt bordet skal bidra til felles situasjonsforståing, betre samordning og styrkt regionalt samarbeid, i tråd med prinsipp om koordinering og informasjonsdeling i interkommunalt samarbeid (jf. KS sine tilrådingar for regional samhandling og nettverksstyring).



Møtedato 16.01.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 6/26

Forankring og finansiering av felles prosjekt

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

1. Hardangerrådet sluttar seg til at det vert etablert ei felles rutine for forankring, prioritering og handsaming av felles prosjekt og felles søknader i regionen.
2. Alle felles prosjekt skal ha avklart økonomi, bemanningsbehov og fordelingsnøkkel mellom kommunane før endeleg handsaming i dei einskilde kommunane.
3. Felles prosjekt og søknader som omfattar fleire kommunar skal handsamast i Rådmannsforum og Hardangerrådet før individuell politisk handsaming.
4. Hardangerrådet ber kommunane leggja nødvendige midlar og personalressursar inn i sine budsjett og økonomiplanar for å sikra gjennomføring av prioriterte felles prosjekt.

Bakgrunn for saka:

Hardangerrådet har dei siste åra sett i gang fleire viktige felles satsingar, mellom anna arbeid med sertifisering av Hardanger som berekraftig reisemål og planarbeid for ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Erfaringane viser at manglande avklaring om finansiering, ressursbruk og forankring i kommunane har ført til utsetjing og forseinking av fleire prosjekt.

Rådmannsforum har difor tilrådd at det vert etablert ein meir forpliktande og føreseieleg modell for handsaming av felles prosjekt og søknader, der økonomi, bemanning og fordelingsnøkkel vert avklart tidleg og kopla tettare til kommunane sine budsjettprosessar. Dette er i tråd med god praksis for interkommunalt samarbeid og føresetnadene i selskapsavtalen for Hardangerrådet IKS.

Målet med saka er å leggja til rette for betre gjennomføringsevne, sterkare politisk og administrativ forankring og meir berekraftig styring av felles regionale satsingar.

Ei endring av fordelingsnøkkelen i samsvar med § 4 i selskapsavtalen for Hardangerrådet IKS føreset vedtektsendring, og må difor handsamast og vedtakast av representantskapet i årsmøte.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: HR-sak 28/25 Forankring felles prosjekt

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Selskapsavtalen til Hardangerrådet iks

Saksopplysninger:

HR-sak 41/25 Saker som kjem til

1. Fordelingsnøkkel jfr HR-Sak 29/25 Sertifisering berekraftig reisemål

Dagleg leiar tek kontakt med Visit Hardangerfjord for å be om plass i styringsgruppa på vegen av kommunane.

Vedtak HR-Sak 29/25 Sertifisering av berekraftig reisemål den 18.09.25 står ved lag:

- 1. Hardangerrådet sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Norge si merkeordning.*
- 2. Hardangerrådet oppmodar kommunane om å løyve midlar og dedikerte ressursar i tråd med saksframlegget.*

2. Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden.

Vedtak i HR-sak 20/25 den 05.06.2025 står ved lag:

Kommunane i Hardanger utset å gjennomføra planarbeid for ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden.

Kommunane har per i dag ikkje kapasitet til å setja av dedikerte ressursar, og kan såleis ikkje gjennomføra prosjektet på noverande tidspunkt.

Me søker Statsforvaltar om utsetting av midlane til 2026, i påvente av avklaring i kommunane om midlar og personalressursar til arbeidet, jfr. budsjett for 2026

Frå HR sak 28/25 den 18.09.2025

Vedtak:

Utsett til neste møte

Rådmannsforum si innstilling til Hardangerrådet:

1. Rådmannsforum ønsker at det vert utarbeida ein felles rutine for handsaming av felles prosjekt/søknadar i regionen.
2. Felles prosjekt må avklara økonomi og bemanningsbehov for kvar kommunane i hendhald til budsjetthandsaming i kommunane.
3. Prosjekt/søknadar som er felles for fleire kommunar vert tekne opp i Rådmannsforum/Hardangerrådet før individuell handsaming i kommunane.
4. Rådmannsforum ønskjer at fordelingsnøkkelen vert vurdert.

Bakgrunn for saka:

Hovudoppgåva til Hardangerrådet er å byggja ein sterk region gjennom samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane. Slike samarbeid bidreg til berekraftig utvikling og styrking av regionen.

Felles prosjekt krev ressursar frå kommunane, og desse må setjast av gjennom budsjettbehandlingane.

Hardangerrådet har tidlegare måtta setja arbeidet med ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden på vent på grunn av manglande ressursar i kommunane.

Det er eit mål å finna moglege løysingar som kan trygga gjennomføringa av felles prosjekt framover.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Selskapsavtale til Hardangerrådet iks

Overordna strategiplan Hardangerrådet for 2021 - 2024

Saksopplysningar:

Hardangerrådet understrekar at samarbeid på tvers av kommunane er avgjerande for å sikra ei berekraftig utvikling og styrking av regionen.

For å kunna gjennomføra felles prosjekt som forvaltningsplan for Hardangerfjorden, felles reiselivsstrategi, sertifisering som berekraftig reisemål og arbeid med besøksbidrag, må kommunane setja av tilstrekkelege ressursar i budsjetta.

Hardangerrådet ber kommunane vurdere korleis ein kan finna løysingar som tryggjer framdrift i desse og tilsvarende prosjekta framover.

Særutskrift selskapsavtalen 22.10.22:

§ 4 Eigar- og ansvarsdel.

Selskapet hadde ved stiftinga innskotskapital på 100.000 kroner.

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i selskapet er fastlagd slik:

Eidfjord	11%
Kvam	34%
Ullensvang	44%
Ulvik	11%
SUM	100%

Eigar- og ansvarsdel over er basert på at 30% av totalkontingent er fordelt likt mellom medlemskommunane og 70% er fordelt etter folketal.

Eigardelen og deltakaransvaret kan justerast kvart 4. år i samsvar med endringane i folketalsutviklinga i kommunane, første gong pr 01.01.2025. Slik justering krev endring i selskapsavtalen.

Kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.



HR-sak 28/25 Forankring felles prosjekt

Vedtak: Utsett til neste møte

Rådmannsforum si innstilling til Hardangerrådet:

1. Rådmannsforum ønsker at det vert utarbeida ein felles rutine for handsaming av felles prosjekt/søknadar i regionen.
2. Felles prosjekt må avklara økonomi og bemanningsbehov for kvar kommunane i hendhald til budsjetthandsaming i kommunane.
3. Prosjekt/søknadar som er felles for fleire kommunar vert tekne opp i Rådmannsforum/Hardangerrådet før individuell handsaming i kommunane.
4. Rådmannsforum ønskjer at fordelingsnøkkelen vert vurdert.

Bakgrunn for saka:

Hovudoppgåva til Hardangerrådet er å byggja ein sterk region gjennom samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane. Slike samarbeid bidreg til berekraftig utvikling og styrking av regionen.

Felles prosjekt krev ressursar frå kommunane, og desse må setjast av gjennom budsjettbehandlingane.

Hardangerrådet har tidlegare måtta setja arbeidet med ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden på vent på grunn av manglande ressursar i kommunane.

Det er eit mål å finna moglege løysingar som kan trygga gjennomføringa av felles prosjekt framover.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Selskapsavtale til Hardangerrådet iks
Overordna strategiplan Hardangerrådet for 2021 - 2024

Saksopplysningar:

Hardangerrådet understrekar at samarbeid på tvers av kommunane er avgjerande for å sikra ei berekraftig utvikling og styrking av regionen.

For å kunna gjennomføra felles prosjekt som forvaltningsplan for Hardangerfjorden, felles reiselivsstrategi, sertifisering som berekraftig reisemål og arbeid med besøksbidrag, må kommunane setja av tilstrekkelege ressursar i budsjetta.

Hardangerrådet ber kommunane vurdere korleis ein kan finna løysingar som tryggjer framdrift i desse og tilsvarande prosjekta framover.



Møtedato 16.01.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 7/26 Interkommunalt samarbeid IKS/IPR

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

Hardangerrådet har over tid arbeidd med spørsmål om framtidig organisering av det regionale samarbeidet, mellom anna gjennom vurdering av omorganisering til Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR. Prosessen har vist at val av organisasjonsform har store konsekvensar både juridisk, økonomisk og styringsmessig.

Etter at saka tidlegare vart utsett i påvente av avklaringar frå Samfunnsbedriftene, er det no behov for å løfta blikket og vurdere om fleire former for interkommunalt samarbeid kan vera aktuelle og meir føremålstenlege for regionen, i tråd med kommunelova kapittel 17 og 18 og gjeldande rettleiing frå statlege styresmakter.

Målet er å finna ei organisering som gjev tydeleg styring, føreseieleg finansiering og best mogleg grunnlag for langsiktig regional utvikling.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: HR styresak 12/25 Drøfting omorganisering til IPR og IKS

Vedlegg 2: [Selskapsavstale Hardangerrådet iks](#)

Vedlegg 3: Styremøte i HR 7.12.2023 Sak 21/23 Omorg. IKS/IPR

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

[Lov om interkommunalt politisk råd, § 18](#)

[Lov om kommuner og fylkeskommuner. Interkommunalt samarbeid Kap. 17. § 17](#)

[Lov om interkommunale selskaper](#)

[Veileder om Interkommunalt samarbeid](#)

Saksopplysninger:

HR-Styresak 12/25

Drøfting - Omorganisering til IPR og IKS

Vedtak samrøystes:

1. Styret tilrår representantskapet å vedta at det vert oppretta to rettssubjekt:
 - a. Region Hardanger IKS
 - b. Hardangerrådet IPR
2. Styret tilrår representantskapet å vedta «Selskapsavtale for Region Hardanger IKS» og «Samarbeidsavtale for Hardangerrådet IPR».
3. Styret tilrår representantskapet å vedta den økonomiske fordelinga mellom Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR, slik det ligg i saksframlegget. Det vil sei at 20% av totalsummen som kommunane betalar inn årleg til Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR, er øyremerka Hardangerrådet IPR.

HR-Styresak 22/23

Omorganisering IKS/IPR

Vedlagt vert oversendt aktuelle dokument vedr. oppstart av prosess for etablering av Hardangerrådet IPR og endring av Hardangerrådet IKS til Region Hardanger IKS

Dei aktuelle dokumenta er:

1. Selskapsavtale Region Hardanger IKS
2. Samarbeidsavtale Hardangerrådet IPR
3. Framlegg til endringar i samanheng med omorganisering IKS/IPR
4. Interkommunalt politisk råd - må IKS-regionråd omdannast til IPR?
5. Rettleiar om konstituerande møte - med omslag juli 2023
6. Veileder interkommunalt samarbeid - med omslag 2023

Orientering om forslag til vidare prosess for omorganisering av IKS og oppretting av IPR.

Vurderingar:

Det bør vurderast om andre samarbeidsmodellar enn IKS og IPR kan gje betre samsvar mellom oppgåver, ressursbruk, styring og politisk forankring. Dette kan til dømes vera lausare samarbeidsavtalar etter kommunelova kapittel 17, vertskommunesamarbeid eller andre tilpassa modellar.



Vedlegg 1

Møtedato 04.06.2025

Ann Irene Myrheim

HR-Styresak 12/25

Drøfting - Omorganisering til IPR og IKS

Vedtak samrøystes:

1. Styret tilrår representantskapet å vedta at det vert oppretta to rettssubjekt:
 - a. Region Hardanger IKS
 - b. Hardangerrådet IPR
2. Styret tilrår representantskapet å vedta «Selskapsavtale for Region Hardanger IKS» og «Samarbeidsavtale for Hardangerrådet IPR».
3. Styret tilrår representantskapet å vedta den økonomiske fordelinga mellom Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR, slik det ligg i saksframlegget. Det vil sei at 20% av totalsummen som kommunane betalar inn årleg til Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR, er øyremerka Hardangerrådet IPR.

Framlegg til vedtak:

1. Styret tilrår representantskapet å vedta at det vert oppretta to rettssubjekt:
 - a. Region Hardanger IKS
 - b. Hardangerrådet IPR
2. Styret tilrår representantskapet å vedta «Selskapsavtale for Region Hardanger IKS» og «Samarbeidsavtale for Hardangerrådet IPR» slik dei ligg i saksframlegget.
3. Styret tilrår representantskapet å vedta den økonomiske fordelinga mellom Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR, slik det ligg i saksframlegget. Det vil sei at 25% av totalsummen som kommunane betalar inn årleg til Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR, er øyremerka Hardangerrådet IPR.

Bakgrunn for saka:

I samband med oppstart av arbeidet med "Strategi og handlingsplan for Hardangerrådet iks" fatta Hardangerrådet, den 24.04.2025 i HR-sak 14/25 Strategi og Handlingsplan vart følgjande vedtak fatta samrøystes;

Revidera utkastet til Interpolitisk Råd og Interkommunalt selskap for omorganisering til IPR og IKS

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: [Samarbeidsavtale Hardangerrådet iks](#)

Vedlegg 2: Styremøte i HR 7.12.2023 Sak 21/23 Omorg. IKS/IPR

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

[Lov om interkommunalt politisk råd, § 18](#)

[Lov om kommuner og fylkeskommuner. Interkommunalt samarbeid Kap. 17. § 17](#)

[Lov om interkommunale selskaper](#)

[Veileder om Interkommunalt samarbeid](#)

Saksopplysninger:

HR-styresak 21/23 "Framlegg til endring i samanheng med omorganisering IKS/IPR"

Framlegg til endringar i samanheng med omorganisering IKS/IPR

Denne saka tar for seg omstrukturering i samband med at det ikkje lenger er høve til å organisere eit regionråd som eit IKS (interkommunalt selskap).

Følgjande punkt vert lagt fram til handsaming:

- *Godkjenning til å oppretta rettssubjekta Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR.*
- *Framlegg til selskapsavtale for Region Hardanger IKS.*
- *Framlegg til samarbeidsavtale for Hardangerrådet IPR.*
- *Framlegg til økonomisk fordeling mellom Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR.*

Regionråd som er organisert som IKS, har meint at den nemnde lovendringa ikkje får konsekvensar, men Samfunnsbedriftene sine advokatar meiner no at alle regionråd må organiserast som interkommunalt politisk råd (IPR).

Dette vil føre til at det vert nokre endringar i organiseringa til Hardangerrådet IKS og det må gjerast nokre formelle vedtak.

Sunnhordlandsrådet, Haugalandrådet, Hardangerrådet, Nordhordlandsrådet og Ryfylkerådet er alle organisert som IKS og administrasjonane har oppretta tett dialog og samarbeid i prosessen med omorganisering. Regionråda har delteke i møter saman med advokat Håkon Riegels i Samfunnsbedriftene om nemnde tema som og er den aktøren som har bidratt med fagkompetanse inn i dette arbeidet.

Styret i Hardangerrådet IKS må ta stilling til at den administrative aktiviteten vert organisert i det interkommunale selskapet "Region Hardanger IKS" medan den politiske aktiviteten vert organisert i det interkommunale politiske rådet "Hardangerrådet IPR" Jfr. vedlagte selskapsavtale og samarbeidsavtale.

Arbeidet vert gjennomført i samarbeid med andre regionråd, der Samfunnsbedriftene v/jurist er vegleiar. I følgje advokatane i Samfunnsbedriftene er det då ein føresetnad at det er identiske representantskap i Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR. Det er og slik at medlemskap i Hardangerrådet er avhengig av medlemskap i Region Hardanger og vice versa.

Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) vart og endra av Stortinget rett før sommaren.

Det er ikkje så mange endringar som vil påverka selskapsavtalen, men nokre er det.

Endringane som vil koma som følgje av endringane i IKS-lova er implementert i framlegget til ny selskapsavtale for Region Hardanger IKS:

- *Reglane for møteoffentlegheit i kommunelova (§28) gjeld og for møta i representantskapet.*
- *Departementet skal ikkje ha ei rolle ved eventuell avviking.*
- *Representantskapet skal vedta årsmelding.*
- *Det skal veljast to varamedlemmer til representantskapet.*

Vurderingar:

Ein omorganisering i IPR / IKS opnar ikkje moglegheit for kommunar som Voss og Samnanger kan vere deltakar i berre IPR delen av selskapet jfr.

“I følgje advokatane i Samfunnsbedriftene er det då ein føresetnad at det er identiske representantskap i Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR. Det er og slik at medlemskap i Hardangerrådet er avhengig av medlemskap i Region Hardanger og vice”

Omorganisering vil ikkje sikre selskapet større inntekter ved å kunne ta inn omkringliggande kommunar i berre delar av selskapet.

Økonomisk konsekvens:

Ein må vurdere om prosessen vil medføre at nokon av kommunane trekke seg ut av samarbeidet iht trang kommune økonomi.

Selskapsavtale for Hardangerrådet iks

Godkjent 22.10.2020.

KAPITTEL 1

FØREMÅL OG LOKALISERING

§ 1 Selskapet sitt namn, føremål og føresetnader

Selskapet sitt namn er Hardangerrådet iks

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr 6, med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik som medlemmar.

Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

§ 2 Målsetjingar

Hovudmålet med det interkommunale samarbeidet er:

1. Å bygga ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
2. Å vera eit strategisk organ for Hardanger og bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen på ulike arenaer gjennom å ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying, innovasjon og omstilling.
3. Å driva regional utvikling med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
4. Å utvikla regionen gjennom samarbeid mellom kommunane med fokus på identitet, attraktivitet, næring, kompetanse, skule og helse.
5. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylke, sentrale styresmakter og andre i saker der dette er naturleg.
6. Å samarbeida med andre regionråd og driva aktiv distriktpolitisk arbeid for å fremja viktige regionale saker, både internt men også overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
7. Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot regionale og sentrale styresmakter



§ 3 Lokalisering

Selskapet har hovudkontoret sitt i Kinsarvik.

KAPITTEL 2

ORGANISERING OG STYRING

§ 4 Eigar- og ansvarsdel.

Selskapet hadde ved stiftinga innskotskapital på 100.000 kroner.

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i selskapet er fastlagd slik:

Eidfjord	11%
Kvam	34%
Ullensvang	44%
Ulvik	11%
SUM	100%

Eigar- og ansvarsdel over er basert på at 30% av totalkontingent er fordelt likt mellom medlemskommunane og 70% er fordelt etter folketal.

Eigardelen og deltakaransvaret kan justerast kvart 4. år i samsvar med endringane i folketalsutviklinga i kommunane, første gong pr 01.01.2025. Slik justering krev endring i selskapsavtalen.

Kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

§ 5 Organisasjon

Hardangerrådet iks sine organ er representantskapet, styret, dagleg leiar og klagenemnd. Hardingtinget, Hardangerrådet, Rådmannsforum, Team Hardanger, Hardanger Ungdomsråd og Hardanger Kulturråd er politiske og administrative einingar som Hardangerrådet IKS har utøvande sekretærfunksjon for.

§ 6 Representantskap.

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet er til ei kvar tid medlemmene i regionrådet. Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover og denne selskapsavtalen.

Dagleg leiar og styreleiar tek del i møta i representantskapet med tale- og framleggsrett. Styreleiar har møteplikt jfr. IKS-lov §9 6. ledd.

Representantskapet skal halda minst 1 møte i året. Dette møtet er årsmøte for Hardangerrådet iks. Andre møter følgjer IKS-lov §8, med unntak av at innkalling til møte følgjer møteplan for regionrådet. Sakliste framgår av sakliste til møte i regionrådet, spesifisert kva saker som gjeld representantskapet.

Saker etter Lov om IKS skal meldast med 4 veker frist.

Årsmøte:

Årsmøte i Hardangerrådet iks skal haldast innan utgangen av april og er vedtaksført når minst 3 av kommunane er representerte med ordførar eller varaordførar.

Årsmøtet skal handsama saker i tråd med lov og denne selskapsavtalen:

1. godkjenna årsmelding
2. godkjenna revidert rekneskap for siste år
3. godkjenna budsjettet for komande år
4. godkjenna arbeidsplan
5. godkjenna den 4-årig økonomiplanen
6. velja styre med varamedlemmer
7. velja styreleiar og nestleiar i styret
8. velja rekneskapsførar og revisor
9. handsama andre saker som styret har lagt fram
10. avgjera fullmakter til styret
11. fastsetja godtgjersle til styret

Sakshandsaming og avstemmingar følgjer av IKS-lov §9.

§ 7 Regionrådet

Regionrådet er samansett av ordførarane i eigarkommunane med varaordførar som personleg vararepresentant. Det er høve til å møta i regionrådet med fullmakt frå kommunen/heradet.

Regionrådet vel sjølv rådsordførar og rådsvaraordførar for to år om gongen.

Det skal haldast minst 4 møte i regionrådet kvart år. Det eine møtet skal haldast innan utgangen av april og skal vere årsmøte.

Regionrådet er vedtaksført når minst 3 av kommunane er til stades. Kvar medlemskommune har 1 røyst i rådet. Ved røysteliskap er leiaren si røyst avgjerande.

Rådsordføraren kan kalla inn andre til møta når han/ho finn det føremålstenleg for sakshandsaminga. Desse kan gje opplysningar og utgreiningar, men har elles ikkje høve til å ta del i drøftingane.

Rådet skal ta initiativ til å fremja intensjonane i §§ 1-2 og til å drøfta saker av sams interesse.

Regionrådet er samordningsinstans for dei utvala og aktivitetane som regionrådet femner om. Rådet kan på einskildområde setja ned eigne rådgjevande fagutval.

Regionrådet har møte etter ein oppsett årleg møteplan eller når rådsordførar eller 2 av kommunane krev det. Rådsordførar kallar inn regionrådet etter den fastlagde møteplanen som er å sjå på som innkalling til møte innafor 4 vekersfristen i lov om IKS. Møteplanen kan fråvikast når det er semje i regionrådet om det.

Sakliste til kvart møte vert sett opp av rådsordførar. Regionrådet sjølv avgjer å ta opp saker som ikkje kan venta til neste møte.

§ 8 Styre.

Styret i Hardangerrådet iks skal vera samansett av 3 personar med 2 varamedlemmer. Styret vert valde av representantskapet, og for 2 år om gongen. Varamedlemmer vert valde for eitt år om gongen. Styret er vedtaksført når 2 medlemmer er til stades. Styreleiar kallar inn til møta og set dagsorden.

Styret skal sjå til at selskapet vert drive etter lover og denne selskapsavtalen. Styret skal sørge for ein forsvarleg formuesforvaltning og føra tilsyn med dagleg leiar.

Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter

Dagleg leiar er sekretær for styret.

§ 9 Hardinginget

Hardinginget er eit samarbeidsorgan i regionrådet og er samansett av formannskapa i eigarkommunane. Hardinginget skal haldast minst 1 gong i året. Rådsordførar er leiar i Hardinginget med rådsvaraordførar som nestleiar.

§ 10 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som har ansvaret for dagleg leiing i tråd med § 14 i Lov om IKS. Styret tilset dagleg leiar.

Styreleiar utøver arbeidsgjevarfunksjonen overfor dagleg leiar.

Dagleg leiar sine oppgåver:

- Ansvarleg for dagleg drift, personale og budsjett/rekneskap for heile organisasjonen.
- Hovudansvaret for informasjonsstrategien i organisasjonen.
- Sekretær for representantskapet, styret og regionrådet, og i andre utval tilhøyrande regionrådet.
- Samordna arbeidet og førebu saker til regionrådet og styret.
- Setja i verk vedtak fatta av regionrådet og styret.
- Ansvarleg for oppfølging av utviklingsplan, tiltaksarbeid og prosjektarbeid.

§ 11 Arbeidsgjevarfunksjonen

Styret har arbeidsgjevaransvaret for alt personale tilsett i rådet. Dagleg leiar utøver den daglege arbeidsgjevarfunksjonen på vegne av styret.

§ 12 Budsjett/driftsutgifter

Representantskapet vedtek innstilling om neste års budsjett som vert sendt til kommunane innan utgangen av august månad. Representantskapet er budsjettansvarleg.

Representantskapet har fullmakt til å føreta budsjettreguleringar innanfor vedteke budsjett og til å styrke budsjettet ved bruk av inntekter ut over det budsjetterte. Representantskapet kan gje budsjettfullmakter til styret. (Jfr. IKS-lov §18)

Hardangerrådet iks sitt budsjett skal dekkja:

- Dagleg drift
- Finansiering av prosjekt/tiltak i regionen. Rådet kan ikkje setja i gang tiltak som fører med seg større økonomiske plikter enn det inntektene gjev grunnlag for.
- For store prosjekt skal det utarbeidast eigne budsjett, som skal godkjennast av rådet og kommunane/herada dersom det ikkje er dekning på rådet sitt budsjett.

Reiseutgifter og anna godtgjersle for kommunale representantar i regionrådet sine organ og i prosjektarbeid vert dekkja av den einskilde kommune, dersom anna ikkje er avtala.

Reiseutgifter og godtgjersle til styret og andre vert dekkja av Hardangerrådet iks, etter staten sine satsar.

§ 13 Selskapet sin representasjon.

Styret representerer selskapet utad og teiknar firmaet.

Styret kan gje rådsordførar og/eller dagleg leiar rett til å teikna selskapets firma.

Dagleg leiar representerer selskapet utad i saker som fell under myndet etter Lov om IKS § 14.

KAPITTEL 3

SAKSHANDSAMINGSREGLAR OG KOMMUNANE SINE PLIKTER

§ 14 Selskapet si klagenemnd

Klage i enkeltvedtak i Hardangerrådet iks vert avgjorde av ei klagenemnd samansett av leiar/medlem i klagenemnd/klageorgan i dei 4 eigarkommunane. Funksjonane som leiar og nestleiar i klagenemnda følgjer perioden og kommunen/heradet som til ei kvar tid har rådsordførar og rådsvaraordførar.

§ 15 Sakshandsaming

Hardangerrådet iks følgjer sakshandsamingsreglane i samsvar med føresegnene i kommunelova kapittel 6 - sakshandsaming i folkevalde organ.

§ 16 Økonomi/finansiering

Selskapet fører rekneskap etter rekneskapslova.

Representantskapet vel revisor. (Jfr. IKS-lov §28)

Selskapet sitt årsbudsjett vert sett opp slik at det gir eit realistisk bilete av drifta av verksemda. Deltakarkommunane forpliktar seg til å gje tilskot til selskapet etter eigarandelane i denne selskapsavtalen. Årsbudsjettet er endeleg når kommunane har gjort vedtak om tilskot etter kommunelova § 45 nr 4.

Tilskot frå kommunane vert å betala i to terminar à 50%, 15. januar og 15. juni

Selskapet kan ikkje ta opp lån frå andre enn eigarkommunane.

Selskapet kan ikkje stilla garanti eller pantsetja eigedeler.

KAPITTEL 4

GYLDIG SELSKAPSAVTALE

§ 17

Hardangerrådet iks sin selskapsavtale er gyldig når han er godkjend av kommune-/heradstyra i dei 4 deltakarkommunane. Endring av avtalen som gjeld forhold som omtalt i Lov om IKS § 4, tredje ledd, skal skje på same måte. Andre endringar vert gjort av Representantskapet i tråd med Lov om IKS § 4 andre ledd, andre punktum.

KAPITTEL 5

UTMELDING/OPPLØYSING

§ 18 Utmelding

Den einskilde deltakarkommune kan med eit års skriftleg varsel seia opp sitt deltakartilhøve i Hardangerrådet iks i tråd med Lov IKS § 30.

Oppseiingsfristen på eitt år gjeld frå 31.12. det året oppseiinga finn stad. Kommunar som melder seg ut, har plikt til å betala deltakartilskot inntil utmeldinga er effektiv.

Utmeldt kommune heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

§ 19 Oppløysing

Hardangerrådet iks kan oppløysast når deltakarkommunane er samde om det, jf Lov om IKS §32 og det er gjort vedtak i alle deltakarkommunane. Oppløysing skal handsamast i representantskapet. Møte i representantskapet må kallast saman med ein frist på 12 månader og 3 av medlemmane må vera tilstades. Styret i selskapet er avviklingsstyre i oppløysingsåret. Kommunane heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

Oppløysing av Hardangerrådet iks må godkjennast av departementet.

Vedteke:

Eidfjord kommunestyre	xx.yy.2020	 Ordførar
Kvam heradstyre	xx.yy.2020	 Ordførar
Ullensvang kommunestyre	xx.yy.2020	 Ordførar
Ulvik heradstyre	xx.yy.2020	 Ordførar

Saksutgreiing: til styremøtet 07.12.2023

Ved dagleg leiar Jostein Eitrheim

HR-Styresak 22/23

Omorganisering IKS/IPR

Vedtak:

Saka vert utsett i påvente av avklaringar frå Samfunnsbedriftene.

Vedlagt vert oversendt aktuelle dokument vedr. oppstart av prosess for etablering av Hardangerrådet IPR og endring av Hardangerrådet IKS til Region Hardanger IKS

Dei aktuelle dokumenta er:

Selskapsavtale Region Hardanger IKS

Samarbeidsavtale Hardangerrådet IPR

Framlegg til endringar i samanheng med omorganisering IKS/IPR

Interkommunalt politisk råd - må IKS-regionråd omdannast til IPR?

Rettleiar om konstituerande møte - med omslag juli 2023

Veileder interkommunalt samarbeid - med omslag

Dagleg leiar vil i styremøtet orientera om forslag til vidare prosess for omorganisering av IKS og oppretting av IPR.

Framlegg til vedtak:

1. Styret tilrår representantskapet å vedta at det vert oppretta to rettssubjekt:
 - a. Region Hardanger IKS
 - b. Hardangerrådet IPR
2. Styret tilrår representantskapet å vedta «Selskapsavtale for Region Hardanger IKS» og «Samarbeidsavtale for Hardangerrådet IPR» slik dei ligg i saksframlegget.
3. Styret tilrår representantskapet å vedta den økonomiske fordelinga mellom Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR, slik det ligg i saksframlegget. Det vil sei at 25% av totalsummen som kommunane betalar inn årleg til Region Hardanger IKS og Hardangerrådet IPR, er øyremerka Hardangerrådet IPR.



Møtedato 16.01.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 8/26 Kjøp og tenester frå andre kommunar

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

Kommunane i Hardanger kjøper i dag ei rekkje tenester og konsulentoppdrag frå eksterne miljø, mellom anna frå større byar som Bergen. Dette gjeld særleg innan fagområde der det er krevjande for kvar einskild kommune å byggja opp og halda ved lag tilstrekkeleg spesialkompetanse, til dømes innan jus, plan, IKT, økonomi og tekniske fag.

Det er reist spørsmål om kommunane i større grad kan løysa slike behov gjennom interkommunalt samarbeid, til dømes ved å dela på tilsette med spesialkompetanse eller etablere felles fagressursar. Ei slik tilnærming kan bidra til betre utnytting av samla kompetanse i regionen, styrkt fagmiljø, meir stabile leveransar av tenester og at kunnskap vert bygd og halden ved lag lokalt.

Saka vert lagd fram som ei prinsipiell drøftingssak om korleis kommunane i Hardanger kan vurdere alternative løysingar til kjøp av eksterne konsulenttenester, i tråd med måla om styrkt regional samhandling og meir berekraftig bruk av ressursar.

Saksvedlegg:

Kjelder og fagleg grunnlag:

Artikkel frå [Hardanger.no](https://www.hardanger.no) 16.09.25

[Ynskjer å bli sterkare saman: Jus er eit fag det kan vera vanskeleg å sitja åleine med.](#)

Artikkel i KS den 27.11.2025

<https://www.ks.no/fagomrader/forskning-og-utvikling-fou/fou-rapporter/interkommunalt-samarbeid-gir-bedre-tjenester/>

Rapport frå KS og Lund & Co den oktober 2025

“Forsterkede interkommunale samarbeid og kommunedelsutvalg”

<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/demokrati-og-styring/2025-10-31-rap-ks-fou-fiks-lu-ndogco-menon-rev.pdf>

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- Kommunelova kapittel 17 – Interkommunalt samarbeid
- Kommunelova kapittel 18 – Interkommunalt politisk råd
- Veileder om interkommunalt samarbeid (Kommunal- og distriktsdepartementet)
- Selskapsavtalen for Hardangerrådet IKS

Saksopplysningar:

Fleire kommunar, både i Hardanger og elles i landet, opplever aukande press på tilgang til spesialisert kompetanse. Samstundes aukar kostnadene knytte til kjøp av konsulenttenester. Statlege styresmakter peikar i fleire samanhengar på interkommunalt samarbeid som eit verkemiddel for å styrkja fagmiljø, betre kvaliteten på tenestene og sikra meir effektiv ressursbruk (jf. rettleiing frå Kommunal- og distriktsdepartementet).

Vurderingar:

Det bør vurderast om og på kva fagområde det kan vera føremålstenleg å etablera meir systematisk samarbeid om kompetanseressursar i regionen. Moglege modellar kan vera deling av stillingar, vertskommunesamarbeid eller andre former for interkommunalt samarbeid etter kommunelova.

Ei slik tilnærming kan gje både faglege, organisatoriske og økonomiske gevinstar, men vil samstundes krevja avklaringar om styring, finansiering, arbeidsgjevaransvar og prioritering av ressursbruk.

Økonomisk konsekvens:

Saka har i seg sjølv ingen direkte økonomiske konsekvensar. Eventuelle økonomiske verknader vil vera avhengige av kva løysingar som eventuelt vert vurderte og føreslegne i seinare saker.



Møtedato 16.01.2026	Saksansvarleg Ann Irene Myrheim
---------------------	---------------------------------

HR-sak 09/26 **Ikkje disponerte restmidlar**

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Ikkje disponerte restmidlar for 2025 inkl renter vert lagt til disponering i Hardangerrådet

Bakgrunn for saka:

Hardangerrådet iks har pr 31.12.2025 kr. 191 366.- i ikkje disponerte restmidlar

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

IKS-lova § 27 og gjeldande forskrift

Saksopplysningar:

Hardangerrådet iks har pr 31.12.2025 kr.176 844 i restmidlar på konto: 3450.37.23753 og kr.14 522 på konto: 3530.27.85110

Midla vert lagt til disponering i Hardangerrådet iks 2026

Disposisjon av fritt fond skjer etter IKS-lova § 27 og gjeldande forskrift